



**Osterøy IL**  
Postboks 42  
5293 LONEVÅG  
Org.nr: 975 682 447

## Om Osterøy Idrottslag

Osterøy IL er det største idrettslaget i kommunen, med om lag 650 medlemmar. Osterøy IL er eit fleiridrettslag og det er hovudstyret som er formelt ansvarleg for alt dei ulike gruppene driv av aktivitetar. Økonomiske disposisjonar høyrer også inn under dette ansvaret.

Ragnhild Balsvik er leiar i Osterøy IL medan Tore Langeland er dagleg leiar i deltidstilling.

I dag har Osterøy IL desse gruppene:  
Fotball, Friidrett, Ski, Turn, Handball, Basketball i enkelte klassar, samt Spretten/Stjernelaget (ei gruppe som driv med aktivitetar for psykisk utviklingshemma).

Leiarar i gruppene i Osterøy IL er pr dags dato:

Turn:	Baste Neu Hatland	Fotball:	Herman Neu Beckstrøm
Friidrett:	Sigbjørn Reigstad	Handball:	Elin Kleppe Fossbakken
Ski:	Johnny Mostrau	Spretten/Stjernelaget:	Kari Solberg
Basket:	Mantas Buinauskas		

## Visjon

Føremålet til laget er ved samarbeid og kameratskap å fremja idrett som er organisert i Norges idrettsforbund (NIF). Dette gjeld breiddeidrett, toppidrett, barneidrett og trim. Arbeid innan desse områda gjer det meningsfullt og utfordrande å vera medlem i Osterøy IL. Laget vil leggja til rette for auka fysisk aktivitet for alle aldersgrupper, men særleg for born og ungdom.

## Drift og økonomi

Osterøy IL vert i all hovudsak drive gjennom dugnad. Som ein konsekvens av dette kan då alle verta kalla inn til ulike typar dugnadsarbeid. Døme på dette kan vera vakthald, kiosksal, loddsal og ulike former for vedlikehalds- og utbyggingsarbeid. For medlemmar under 18 år vert dei føresette trekte med i dugnadsarbeidet. Omsetnaden for heile laget vil i 2023 truleg liggja på om lag 5 millionar kroner.

## Osterøy stadionbygg

Store delar av Osterøy stadionbygg (klubbhuset) er no nyoppussa og huset eignar seg godt til konfirmasjonar, dåp og liknande. Det er dekketøy til 50 personar i huset. Ansvarleg for utleige er Tore Langeland telefon 908 78 512 eller pr. e-post til [post@osteroyil.no](mailto:post@osteroyil.no)

## Grasrotandelen

Støtt oss ved å registrera spelekortet ditt på Osterøy IL. 7 % av brutto spelebeløp vil då gå til Osterøy idrottslag. Les meir på [www.grasrotandelen.no](http://www.grasrotandelen.no)

Oppmoda gjerne familie, vener og andre til å registrera seg for oss og det einaste ein treng er Osterøy IL sitt organisasjonsnummer: **975 682 447**



Osterøy IL  
Postboks 42  
5293 LONEVÅG  
Org.nr: 975 682 447

## Medlemspengar

I Osterøy idrettslag er alle personlege medlemmar. Ved å betala medlemspengar er ein automatisk medlem i alle gruppene i laget. Satsane for medlemspengar vert fastsett av årsmøtet i Osterøy IL kvart år.

Årsmøtet i 2022 gjorde følgjande vedtak om medlemspengar for 2023:

- Born t.o.m. det året dei fyller 17 år betalar kr. 300,- pr. kalenderår.
- Vaksne f.o.m. det året dei fyller 18 år betalar kr 600,- pr. kalenderår.

Etter betalingsfrist for 2.gongs purring vert det gjeve melding til aktuelt gruppestyre om at vedkommande ikkje lenger kan delta i aktivitet i regi av Osterøy IL. Skulle nokon ha vanskar med betaling ber me at de tek kontakt med oss på [post@osteroyil.no](mailto:post@osteroyil.no) for å finna ei betalingsordning.

***Alle som deltek på treningar og konkurransar for Osterøy IL (stemne, stafettar, renn og kampar) skal vera medlemmar.***

***Medlemmane sjølve (eller dei føresette) må gje melding via e-post til [post@osteroyil.no](mailto:post@osteroyil.no) dersom ein ikkje ønskjer å stå som medlem. Ein vert ikkje automatisk meldt ut om ein berre sluttar med ein aktivitet.***

Inn-/utmelding skjer primært via denne lenkja: <https://medlemskap.nif.no/25520>

Det vert arbeid kontinuerleg med å halda medlemsregisteret så oppdatert som råd er. Me tek gjerne imot endringar/rettingar på [post@osteroyil.no](mailto:post@osteroyil.no) når det gjeld namn, adresse, fødselsdato, telefonnummer og e-postadresse for medlemmane. Du kan melda deg ut ved å senda varsel til same e-postadressa eller via lenkja over (merk at eventuelle uteståande krav må vera gjort opp).

Som i fjor blir medlemspengar fakturert via Idrettsforbundet, slik at alle medlemmar i Osterøy IL i år vil motta kravet derifrå og betalinga går via buypass og deretter til idrettslaget. Det er ikkje til å unngå at det kan vera eit etterslep i rapportering/registrering av medlemmar frå gruppene. Styret seier seg leie for om krav vert sende til "feile" personar.

## Treningsavgift

I tillegg til medlemspengar, som vert kravd inn av hovudstyret, krev fleire grupper inn ei treningsavgift. Desse pengane går direkte til drifta av gruppa.

## Anlegg

Osterøy IL har driftsansvaret for stadionbygget på Hatland, skiløypa på Rolland, Osterøy stadion (gras- og løpebane) samt kunstgrasbana ved Osterøy stadion (Fugledalen). Ein ber om at brukarane følgjer informasjon på skilta som er sette opp på arenaene.

## Informasjon

[www.osteroyil.no](http://www.osteroyil.no) skal etter planen stå fram i ny drakt i løpet av året og idrettslaget ynskjer at nettsida skal vera ein tenleg stad for medlemmar og andre å finna relevant informasjon. Nyhende og anna kjapp informasjon vert også lagt ut på facebookside til Osterøy IL der ein i dag har over 2000 følgjarar.